



## Innkalling til årsmøte i Bondeungdomslaget i Oslo

**Tid:** Onsdag 20. mars 2019 kl. 18:00

**Stad:** Teatersalen i Rosenkrantz' gate 8, Oslo

**Berre dei som har betalt årspengar for 2019, er over 14 år og har vore medlemer i meir enn tre månader, har røysterett på årsmøtet.**

Framlegg til sakliste:

1. Opning med konstituering
2. Årsmeldingar for 2018
3. Rekneskap for 2018
4. Strategiplan 2019-2024
5. Handlingsplan for 2019
6. Budsjett for 2019
7. Medlemspengar for 2020
8. Lovendring BUL
9. Endring av styringsføresegnene til BUL
10. Godkjenning av endring av §3 i vedtektene til Bøndernes Hus AS
11. Val til styre, nemnder og råd
12. Val på utsendingar
13. Avslutting

Sakspapir til sak 7 og 8 ligg ved denne sendinga.

Andre sakspapir er tilgjengelege frå 8. mars. Sakspapir i sak 10 er først klart etter generalforsamlinga 13.mars. Sjå heimeside [www.bul.no](http://www.bul.no) eller vend deg til lagskontoret på [lagskontor@bul.no](mailto:lagskontor@bul.no) eller mob. 905 14 160 for å få tilsendt papira.

Oslo, 20. februar 2019

Lagsstyret i Bondeungdomslaget i Oslo

Terje Svindseth

Julie Farseth Berg

Jens Kihl

Gunnvald Grønvik

Olav-Johan Øye

Anne Cathrine Johansen

## **SAK 7**

## **Lovendring BUL**

### **Kontrollnemnd**

I dag fastset lova for BUL at rådet skal nemne opp «ettersynsfolk for lagsdrifta» (lagslova § 8 fjerde ledd). I praksis har dette vore gjort slik at to personar går gjennom rekneskapane kvart år og gjev melding til årsmøtet. Vi gjer framlegg om at denne ordninga blir teken bort. Både laget og Bøndenes Hus AS har statsautoriserte revisorar som fører fullgodt ettersyn med økonomien.

Rådet skal ha «overordna tilsyn med økonomien i laget, og i økonomiske tiltak laget eig eller er med i» (lagslova § 8 første ledd). Rådet får rekneskapsrapportar frå laget og Bøndenes Hus AS tre gonger i året. Saman med lagsstyret er rådet generalforsamling i Bøndenes Hus AS og fastset derfor årsrekneskapen for selskapet etter tilråding frå revisor og frå styret i selskapet. Vidare kjem rådet med tilråding til årsmøtet om rekneskapen for laget og særлага og fastset konsernrekneskapen for BUL.

Kontrollnemnda sitt oppdrag har vore å halde tilsyn med økonomien i Bondeungdomslaget og særлага som heilskap, med dokumentasjon av vedtak og anna i laget. Nemnda skal også kome med tilrådingar og vurderingar av økonomiske spørsmål som går ut over det som revisoren til laget normalt gjer. Som grunnlag for tilrådingane sine har kontrollnemnda til vanleg gått gjennom årsrekneskapen for Bondeungdomslaget med særlag, møteprotokollar for rådet og referat frå styremøta i laget. Kontrollnemnda har orientert seg om status i revisjonsarbeidet til revisor for laget/særлага. Endeleg revisjonsmelding har dei siste åra ikkje vore ferdig til årsmøtet, men ein har fått ei førebels melding frå revisor som er blitt lagt fram for årsmøtet.

Kontrollnemnda kan i hovudsak ikkje rekne med å finne ut noko om økonomien i laget og forretningsverksemda som ikkje alt er kome fram gjennom rekneskapsrapportering og revisjon. Slik sett fører ordninga med seg dobbeltarbeid. Vi gjer derfor framlegg om at ordninga med oppnemning av ettersynsfolk fell bort.

Rådet kan nemne opp utval til å gå gjennom særlege saksområde eller økonomien meir allment i tilfelle der rådet meiner det trengst. Det kan rådet gjere utan eigen heimel i lagslova. Vi reknar med at slik oppnemning er aktuelt berre i særskilde tilfelle.

### **Framlegg til endring av lagslova:**

*I lova for BUL blir § 8 fjerde ledd teke ut.*

Oslo, 20. februar 2019

Lagsstyret i Bondeungdomslaget i Oslo

## Sak 8 Endring av styringsføresegnene til BUL

Lagsstyret gjer framlegg til endringar i tre paragrafar i Styringsføresegnene, som omhandlar var til tillitsverv i laget.

Styret ønskjer å gjere desse endringane dels for å gjere det lettare å få folk til verva, dels for å oppdatere føresegnene i samsvar med praksis.

Tillegg er markert med **utheva skrift og understreking**. Stryking er markert med ~~overstreking~~.

### Endring av §7

Her foreslår vi at det skal vere mogeleg å vere styremedlem eller varamedlem i eit særslag, og samstundes vere medlem i lagsstyret. Leiar i eit særslag kan ikkje vere med i lagsstyret.

Det er mange tillitsverv i laget, og det kan vere vanskeleg å fylle desse. Vi meiner dette vil kunne gjere det lettare å fylle verva, og at det kan skape betre kommunikasjon mellom lagsstyret og dei som driv aktivitetar. Det er viktig at særлага sine synspunkt er godt representert i styringa av laget. I enkeltsaker kan det vere Dei fleste sakene lagsstyret handsamar er ikkje av ein slik karakter at særлага eller medlemmene har fordel av dei. Dersom nokon er ugild vil dette handsamast etter Lagslova §6 og Styringsføresegnene §26.

§7 HINDRING MOT Å HA VISSE TILLITSOMBOD SAMSTUNDES  
Lagsleiaren og dei andre i styret med varamedlemer(1) og ordføraren og varaordføraren i rådet(2) kan ikkje vera **leiar i eit særslag med i eit særlagsstyre(3)** eller i styret for eit økonomisk tiltak laget har meir enn 25 % eigardel i. Styremedlemer i eit tiltak som nemnt, **ordføraren og varaordføraren i rådet** kan ikkje vera med i eit særlagsstyre(4).

(1) L §4 (2) L §7 (3) og (4) L §2, 3. leden

### Endring av §10

Her foreslår vi å oppdatere paragrafen i samsvar med praksis. Dvs. å presisere at val til rådet i Norsk Barneblad skjer etter listeval, og at styret utpeikar styremedlemmer til Den mangfaldige scenen AS og Norsk Barneblad.

§ 10 VAL PÅ UTSENDINGAR OG TIL OMBOD UTANFOR LAGET  
Årsmøtet(1) eller eit lagsmøte(2) vel utsendingar til årsmøta i  
Noregs Ungdomslag(3)  
Noregs Mållag(4)  
Bygdelagssamskipnaden  
Fylkesmållaget Vikværingen  
LL Det Norske Teatret  
~~Norsk Barneblad~~  
Dag og Tid AS

### Likeeins til rådet i Norsk Barneblad

Lagsstyret peikar ut styremedlemer til Oslo Nye Sparebanks fond, **Den mangfaldige scenen AS og Norsk Barneblad**.

Val etter fyrste leden skal gjerast etter reglane for listeval i § 11(5). Det same gjeld for framlegg til styreombod laget har rett til i organisasjon nemnd i fyrste leden, og som årsmøtet i laget skal gjera vedtak om, jfr. lagsova § 11 nr. 10.

Ingen kan vera utsending til lag eller samskipnad e.l. der han er tilsett eller har eit framståande tillitsombod. For Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Bygdelagssamskipnaden og Fylkesmållaget Vikværingen skal som framståande tillitsombod her berre reknast medlem og fast møtande varamedlem i styret for organisasjonen.

(1) L§11 (2) L§2, 2. leden (3) og (4) L§13

(5) S§11, 1., og 2. leden, og 3. leden brukt tilsvarende.

§11

### **Endring av §10**

Her foreslår vi at særлага skal kome med framlegg til medlemmer i valnemnda. Dei siste åra har det vore vanskeleg å få folk inn i nemnda, og ho har nesten berre hatt medlemmer frå eitt særslag. Det er viktig at denne nemnda er breitt representert og finn tillitsfolk frå heile laget. Valet skal framleis vere listeval.

§12

### VALNEMNDA

Valnemnda<sup>(1)</sup> har 5 medlemmer med 4 varamedlemmer. Valet vert skipa etter reglane for listeval i § 11<sup>(2)</sup>, **men slik at særлага skal kom med framlegg til minst ein kandidat kvar.** Ingen kan vera med i valnemnda i meir enn 2 3 år på rad.

Nemnda vel leiar og nestleiar seg imellom.

Nemnda skal koma med eitt framlegg til val på dei ombodsfolka som årsmøtet vel etter lova § 11 nr. 8, nr. 9 og nr. 10<sup>(3)</sup>, unnateke valnemnda. Nemnda må ikkje gjera framlegg om andre enn dei som har sagt seg viljuge til å taka mot val.

Nemnda si tilråding skal vera mangfaldig til utgjeving minst ei veke før årsmøtet, og skal delast ut på møtet. Det skal gå fram av tilrådinga kven som står på val og kven som står att. Dersom valnemnda ikkje kjem fram til samrøystes framlegg, skal det gå klart fram kven i nemnda som stør dei ulike framlegga.

(1) L§9. (2) S§11. (3) Jf S§9.

Oslo, 20. februar 2019

Lagsstyret i Bondeungdomslaget i Oslo